

**Møteprotokoll**

|                  |   |
|------------------|---|
| <b>Utval:</b>    | <b>Hovudutval for opplæring og kompetanse</b> |
| <b>Møtestad:</b> | Fjernmøte                                     |
| <b>Dato:</b>     | 24.07.2020                                    |
| <b>Tid:</b>      | 11:005-11:45                                  |

**Følgjande faste medlemmer møte:**

| Namn                          | Funksjon  | Representerer |
|-------------------------------|-----------|---------------|
| Karianne Alette Torvanger     | Leiar     | A             |
| Emil Lennart Pålikoff Gadolin | Medlem    | A             |
| Nina Bognøy                   | Medlem    | A             |
| Åsmund Berthelsen             | Nestleiar | SV            |
| Alexander Fosse Andersen      | Medlem    | SP            |
| Sigurd Erlend Reksnes         | Medlem    | SP            |
| Pauline Tomren                | Medlem    | MDG           |
| Kristina Vakt skjold Hamre    | Medlem    | KRF           |
| John Andre Kongsvik           | Medlem    | H             |
| Sonja Merethe Øvre-Flo        | Medlem    | H             |
| Jeanette Onarheim Syversen    | Medlem    | R             |
| Nils Haugland                 | Medlem    | FNB           |
| Rosalind Fosse                | Medlem    | FRP           |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

| Namn                     | Funksjon | Representerer |
|--------------------------|----------|---------------|
| Rasmus Laupsa Rasmussen  | Medlem   | A             |
| Svein Kolbein Halleraker | Medlem   | H             |

**Følgjande varamedlemmer møte:**

| Namn                  | Møtte for                | Representerer |
|-----------------------|--------------------------|---------------|
| Roberto Manuel Tanaia | Rasmus Laupsa Rasmussen  | A             |
| Silja Ekeland Bjørkly | Svein Kolbein Halleraker | H             |

**Frå administrasjonen møte:**

| Namn                | Stilling                                       |
|---------------------|--|
| Bjørn Lyngedal      | Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse     |
| Ingeborg Strandberg | Møtesekretær / Rådgjevar, politisk sekretariat |

## Saksliste

| Utvals-<br>saksnr | Innhald  | Arkiv-<br>saksnr | U.Off |
|-------------------|--|------------------|-------|
| GK 14/20          | <b>Godkjenningssaker</b><br>Godkjenning innkalling og sakliste |                  |       |
| RS 20/20          | <b>Referatsaker</b><br>Inntaket skuleåret 2020 - 2021          | 2020/648         |       |
| PS 33/20          | <b>Politiske saker</b><br>Inntaket skuleåret 2020-2021         |                  |       |

## Godkjenningssaker

### GK 14/20 Godkjenning innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll 24.07.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Innkallinga vart godkjent utan merknadar.

Følgjande sak vart ettersendt til møtet:

- RS 20/20 «Inntaket skuleåret 2020 - 2021»

Fylkesutvalet slutta seg til at saka vart sett på sakskartet.

Saklista vart godkjent med merknaden over.

#### SAKER SETT PÅ SAKSKARTET UNDER MØTET

Utvalet vedtok samrøystes å sette RS 20/20 «Inntaket skuleåret 2020 - 2021» på sakskartet utan saksframlegg som:

- PS 33/20 «Inntaket skuleåret 2020 - 2021»

## Referatsaker

### RS 20/20 Inntaket skuleåret 2020 - 2021

#### Saksprotokoll 24.07.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Møteleiar fremja forslag om å sette saka på sakskartet utan saksframlegg.

Utvalet slutta seg til dette.

## Politiske saker

### PS 33/20 Intaket skuleåret 2020-2021

#### Saksprotokoll 24.07.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Saka vert sett på sakskartet utan saksframlegg.

**Karianne Torvanger (A)** sette på vegner av A, Sp, MDG, SV, Frp, R, H, KrF og FNB fram slikt forslag:

- «1 Hovudutval for opplæring og kompetanse beklagar at førsteinntaket til vidaregåande opplæring blei gjennomført med feil klassetal på vg1 Bygg- og anleggsteknikk, ved både Mo og Øyrane vidaregåande skule og Flora vidaregåande skule, på grunn av ein tastefeil. Flora og Mo og Øyrane vidaregåande skular er to gode skular som gir eit godt fagleg og

sosialt tilbud til elevane, for begge skulane er forutsigbarhet for vg2 -tilboda viktig for å ivareta sterke fagmiljø.

2. For å løyse situasjonen vedtek hovudutval for opplæring og kompetanse at det vert sett i gong ei ekstra gruppe vg1 Bygg og anlegg ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, under føresetnad av at dette kan gjennomførast. Mo og Øyrane vidaregåande skule skal i samarbeid med Flora vidaregåande skule sikre rekruttering til vg2-løpa.
3. Flora vidaregåande skule har planlagt sitt opplæringstilbod for kommande skuleår etter det politiske vedtaket. Hovudutval for opplæring og kompetanse føreset at sakshandsamingsfeilen ikkje skal føre til eit økonomisk tap for skulen.»

### **Avrøysting**

Torvanger sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse beklagar at førsteinntaket til vidaregåande opplæring blei gjennomført med feil klassetal på vg1 Bygg- og anleggsteknikk, ved både Mo og Øyrane vidaregåande skule og Flora vidaregåande skule, på grunn av ein tastefeil. Flora og Mo og Øyrane vidaregåande skular er to gode skular som gir eit godt fagleg og sosialt tilbud til elevane, for begge skulane er forutsigbarhet for vg2 -tilboda viktig for å ivareta sterke fagmiljø.
2. For å løyse situasjonen vedtek hovudutval for opplæring og kompetanse at det vert sett i gong ei ekstra gruppe vg1 Bygg og anlegg ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, under føresetnad av at dette kan gjennomførast. Mo og Øyrane vidaregåande skule skal i samarbeid med Flora vidaregåande skule sikre rekruttering til vg2-løpa.
3. Flora vidaregåande skule har planlagt sitt opplæringstilbod for kommande skuleår etter det politiske vedtaket. Hovudutval for opplæring og kompetanse føreset at sakshandsamingsfeilen ikkje skal føre til eit økonomisk tap for skulen